



Lars Johan Myklebust som spelar i Rosendal, Foto: Ola Matti Mathisen

**Lars Johan Myklebust (32) frå Uskedalen overtek som trenar for Trio. Uskedelingen var førstevalet til klubben og ynskt av spelargruppa opplysar Kvinnheringen, Han trena Rosendal sitt herrelag før han gjekk til sin andre periode som spelar i Trio. Før har han vore trenar i Brann og Norheimsund og damelagtrenar i handball i Åsane..**

Lars Johan legg no opp som spelar. Han melde seg tidlegare som uaktuell på gunn av ny jobb i Norsafe men har no gjort heilomvending fordi han vil halda på med fotball.

- Ein kan ikkje berre tenkja jobb og fotball er det kjekkaste ein kan halda på med utanom, seier uskedelingen. Han satsar på å utvikla laget og spelarane.